



Flinke elever gjekk til topps i avis-konkurranse.

7. klassen ved Uskedalen skule må vera ein allsidig og flink gjeng. I fjor vann dei ein hoppetau-konkurranse, og nyleg gjekk dei heilt til topps blant 7.klassane i Kvinnherad i ein avis-konkurranse der dei mellom anna vart testa i kunnskapar om alt frå lokale til internasjonale spørsmål. Premien var 1500 kr til klassekassen.

Det er **Avis i skolen** som står bak opplegget **Vis med avis**, og målet er å fremja lesing og samfunnsengasjement. Uskedalsklassen var ein av 6 klassar i kommunen som deltok i år, og i ei veke fekk dei tilsendt eit klasesett av **Kvinnheringen**. Denne brukte dei litt tid på kvar dag på skulen til å lesa, og til å snakka om innhaldet. Resten les dei heime.

Opplegget vart avslutta med at det skulle svarast på 20 spørsmål. Her var det nokre lokale spørsmål frå avisa, men det var også andre spørsmål både nasjonale og internasjonale. Uskedalingane hadde flest rette av klassane her i kommunen, og dei fekk ein fin pengepremie på 1500 kr, og journalist Elisabeth Berg Hass frå Kvinnheringen kom på besøk. Ho laga ein fin reportasje som var i fredagsnummeret av papiravisa til Kvinnheringen. Abonentane kan også lesa den på www.kvinnheringen.no, medan andre kan kjøpe dette nummeret.

Premien håpar elevane kan hjelpa til slik at dei får ein avslutningstur til våren. Då er dei klar for å skifta over til ungdomsskulen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Elisabeth Berg Hass/Kvinnheringen